

Rapport til Hordland fylkeskommune for tildeling av KUP midlar for *I slik ei natt*.

Kort om bakgrunn og målsetting for prosjektet.

27. mai 2016 hadde Bømlo Teater urpremiere på Mostraspelet *I slik ei natt* i Moster Amfi. Det var til saman fire framsyningar der ein var for skuleelevar frå regionen. *I slik ei natt* var ein del av Festspillene i Bergen.

Bømlo Teater ynskjer å utvikle seg vidare og stadfeste posisjonen, både regionalt og nasjonalt som ein ledande aktør innan historiske spel. *I slik ei natt* er bygd på historia rundt Olav Haraldsson og kristenretten som blei satt på Moster i 1024. Eit sterkt kunstnarisk lag sto bak framsyninga. Svein Tindberg som manusforfattar, Ivar Tindberg var regissør, Kjetil Bjerkestrand komponist, Gjermund Andersen scenograf og kostymedesigner og Tomas Glans koreograf.

Bømlo Teater ville skape eit nytt spel med eit nytt kunstnarisk uttrykk som klart skilte seg frå *Kristkongane på Moster* som gjekk i 31 år i Moster Amfi. Med den sterke tradisjon for spel her på Bømlo var det viktig at me tok eit steg vidare og skapa noko heilt nytt, framleis er forankra i vår lokale historie som fekk nasjonale konsekvensar. Me måtte utvikla oss som teater og skapa nye opplevingar for eit publikum som "visste" kva dei fikk når dei kom for å sjå Mostraspelet. Ei heilt ny historie med eit heilt nytt uttrykk, ny scenografi, nye kostymer og ny musikk. Satsinga var og viktig for teateret sine medlemmar for å gi dei, både på og av scena, nye utfordringar og skapa ein ny entusiasme rundt spel i Moster Amfi.

Gjennomføring av prosjektet er ein viktig faktor for at Bømlo kan bli eit senter for det komande 1000 års jubileet for kristenretten i 2024, og slikt kunne vidareføre suksessen frå kyrkja sitt 1000 års jubileum frå 1995.

Gjennomføring, oppsummering og målsetting.

Manusforfattar Svein Tindberg starta arbeide i 2014. I tett samarbeid med regissør Ivar Tindberg jobba dei fram manuset som dei presenterte for medlemmane i Bømlo Teater i september 2015. Da vart det arrangert ei gjennomlesing av manuset, regissør fortalte om sitt konsept og teikningar av scenografi og kostymer ble presentert. Scenograf og kostymedesigner Gjermund Andresen ble kontraktert i mai 2015. Komponist Kjetil Bjerkestrand kom inn i prosjektet sommaren 2015. Produsent og dagleg leiar Øystein Kausrud hadde eit nært samarbeid med brødrane Tindberg i heile prosessen med manus, konsept, val av komponist, koreograf, scenograf og skodespelarar, både profesjonelle og amatørar.

Første prøvehelg med dei lokale skodespelarane og amatørane var 4.-6.3.2016. Deretter var det prøver kvar helg og kvar torsdag fram til påske og deretter fram til prøvane starta i Moster Amfi 2. mai. 18.4-23.4 var dei i veke med prøvar i Oslo for de profesjonelle skodespelarane og enkelte amatørar frå Bømlo. I april vart sceongrafien bygd delvis på

dugnad og sto klar til prøvestart i Moster Amfi til 2. mai. Kostyma vart sydd lokalt i løpet av våren av våre egne pluss ei innleidd syerske mot slutten perioden. Orkesteret var på plass ei veke før premiere. Det same var lyd og lyddesignar som jobba tett med komponist og regissør inn mot premieren.

Det var ein generelt god flyt i produksjonen i heile prosessen. Alle avdelingar var produktive og det var ein god kommunikasjon mellom desse. Det gode planarbeidet som var gjort i forkant av oppkjøringsperioden i mai, gjorde at utfordringar som dukka opp undervegs vart løyst på ein god måte.

Omlag 150 menneskjer var involvert i gjennomføringa i prosjektet. 84 skodespelarar og seks musikarar var på scena og resten i andre ledd i produksjonen. I tillegg til å ta vare på og utvikle det gode amatørmiljøet me har på Bømlo, skal me og vera eit teater som kan tilby regionale skodespelarar engasjement i mellom anna Mostraspelet. Av ensemblet som besto av 84 skodespelarar, var åtte av profesjonelle og seks av dei var regionale. Fem frå Hordaland, ein frå Rogaland. To var frå Oslo.

Samarbeidet med FiB fungerte godt. Her var kommunikasjonen god, spesielt når det galdt pr arbeidet. De var til god hjelp når me sendt ut pressemeldingar og timingen på desse. Det at me var ein del av festspillene gjorde at merksemda rundt framsyninga var stor utover regionen.

I slik ei natt dette året var ein suksess. Omlag 4000 publikummarar såg framsyninga. Tilbakemeldingane frå publikum, frå fylket, FiB, politikarar, samarbeidspartnarar, skular og dei involverte har vore veldig positive. Me hadde stor tru prosjektet og at publikum var klare for noko nytt, men samstundes var det spanande for teateret korleis dette nye spelet vart motteke. Det gjekk slik vi håpa på. Det var det høgaste publikumstalet på mange år, det blei blåst nytt liv i spelinteressa i regionen, og for våre medlemmar var dette ei flott oppleving. Det var nettopp dette vi trengte for å jobba vidare med spel på Bømlo og helde fast på den tradisjonen me har her. Alle aktørane tok alle utfordringar på strak arm og alle tok ansvar for sine oppgåver, både på og av scena. Det erfarne produksjonsapparatet me har fungerte godt og dugnadsanda var som vanleg stor.

Ein av utfordringane med prosjektet var den geografiske spreiiinga av den kunstnariske leiinga og produksjonen på Bømlo under forarbeidet. Sjølv om kommunikasjonen var god, skulle treffpunkta vore tettare så forarbeidet med ein så stor produksjon hadde vore meir effektiv. Ein anna utfordring er at det med eit så stort ensemble bestående av hovudsakeleg amatørar, er prøveperioden da denne føregjekk over så lang tid og på ei tid då folk ikkje har ferie. For regissør og inspisient var det utfordrande og følge prøveplan da det plutselig dukka opp uventa fråver.

Erfaringane me gjorde no tar me med oss vidare inn planlegginga for framtidige framsyningar i Moster Amfi og inn i mot neste oppsetning av *I slik ei natt* i 2017. Det er no lagt eit kunstnarisk grunnlag for neste år, kostyme, scenografi, rekvisittar osv er produsert som gjer oss godt førebudd for 2017. Prosjektet er som nemnd ein viktig faktor

for at Bømlo kan bli eit senter for det komande 1000 års jubileet for kristenretten i 2024. Målet er at framsyninga skal gå i mange år framover.

Me takkar Hordland fylkeskommune for tildeling av desse midlane. Støtta har vore viktig til dette prosjektet. Takk.

Forklaring til rekneskapet:

Alle tal har ikkje kome med i rekneskapet frå rekneskapsbyrået me brukar, Tveit Regnskap. Våre investeringsmidlar og uteståande midlar som støtte frå Bømlo kommune, resterande sponsormidlar er ikkje lagt inn i rekneskapet. Den totale summen på uteståande midlar som skal inn i rekneskapet er:

<i>Eigenkapital, investering:</i>	<i>kr 534 000,-</i>
<i>Uteståande midlar:</i>	<i>kr 388 905,-</i>
<i>Sum:</i>	<i>kr 992 905,-</i>

Ta kontakt ved spørsmål.